



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Marianne Soleng	<b>Arkivkode:</b> FE - 033
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/308	<b>Løpenr:</b> 18/3636
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	26.04.2018	009/2018

### Faste saker

#### 26.04.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

#### Godkjenning av innkalling og sakliste:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) foreslo å ta dei to interpellasjonane som hadde kome inn til møtet etter dei faste sakene. Kommunestyret slutta seg til dette.

#### Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte:

Ingen merknader.

#### Orienteringssaker:

##### Til minne om tidlegare ordførar Knut Langeland

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) las opp minneord frå tidlegare ordførar Knut Langeland si gravferd 17.04.2018. Etter dette var det eitt minutt stillheit, før kommunestyret song Tveitasongen, som er skriven av Knut Langeland.

##### Markering av jubilarar i kommunen

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at han 25.04 2018 deltok på ei markering for jubilarar blant dei tilsette i kommunen (tilsette som i 2017 hadde tenestetid på 25 år, 30 år og ein med 37 år). Han las deretter opp namna på dei tilsette som markeringa gjaldt: Anette Hyttel, Gunnveig K. Loe, Tone Kari Kristiansen, Aud Lygre Solvang, Liv S.H. Nordvik, Marit S. Trengereid, Marit Osa Tveiterås, Heidi Gjerde og Hans Tysse.

##### Presentasjon av Lyntogforum Vestlandsbanen

Orientering ved Thor Bjørlo, som er sekretær i forumet.

##### Datasenter i Børdalen

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om status i saka. Det har kome positive signal frå

fylkesmannen, men kommunen har enno ikkje fått skriftleg tilbakemelding frå fylkesmannen.

#### Sjukefråvær 1. kvartal 2018

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte. Samla sjukefråvær i kommunen første kvartal 2018 var 8,94%. Ho orienterte om at kommunen har fått midlar frå KLP (200.000 kroner) for å jobba med nærværarbeid.

#### Økonomirapport pr. 31.03.2018

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om økonomirapporten som låg ved møteinnkallinga. Dette er eit forslag til nytt oppsett for økonomirapport i forhold til tidlegare. Planen er at kommunestyremedlemmene heretter skal få tilsendt slik rapport kvar månad.

#### **Grunngjevne spørsmål:**

##### Grunngjeve spørsmål frå Frp om Skottabakken

Odd Arne Haga (Frp) las opp grunngjevne spørsmål om nytt bufellesskap på Skottabakken (spørsmåla ligg som vedlegg til møteinnkallinga). Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge las opp rådmannen sitt svar. Svaret ligg som vedlegg til møteprotokollen. Saka vil koma opp i formannskapet 31.05.2018.

#### **Utvalet sitt kvarter:**

##### Reguleringsplan for ny veg til Hagabakkane

Odd Arne Haga (Frp) viste til at kommunestyret i desember vedtok at det skal utarbeidast reguleringsplan for ny veg til Hagabakkane. Han viste til informasjon om at arbeidet er forseinka, og bad rådmannen sørge for at kommunestyret sitt vedtak vert følgt opp.

##### Klimagassutslepp i Samnanger kommune

Anja Marken (Mdg) spurde om kommunen har vurdert å setja opp ladestasjonar for el-bilar på den nye parkeringsplassen på Bjørkheim, samt om kommunen har vore i kontakt med NSB om ladestasjonar på parkeringsplassen ved Arna jernbanestasjon. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge svara. Ho orienterte om at det vil bli tilrettelagt for parkering til 49 bilar på den nye parkeringsplassen på Bjørkheim, og at det er lagt opp til at det skal vera tre ladepunkt der (det er krav om ladepunkt for minst 6% av parkeringsplassane). Det kan også bli meir enn tre ladepunkt og kommunen søker om tilkot til dette. Hilde-Lill Våge orienterte vidare om at kommunen har kontakt med fylkeskommunen om at me ønskjer fleire parkeringsplassar med ladepunkt ved jernbanestasjonane både i Arna og på Trengereid. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at han har hatt kontakt med representant frå Tesla i Noreg om moglegheit for Tesla-ladestasjon i Samnanger.

#### **KS- 009/2018 Vedtak:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

**Oversikt over faste saker:**

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.

Delegerte vedtak/referatsaker.

Utvalet sitt kvarter.